



Birger Martin Vestheim  
Radøyvegen 1450  
5936 MANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/8162 - 20/25240

Saksbehandlar:  
Roba Al Serhan  
robaal.serhan@alver.kommune.no

Dato:  
04.05.2020

## Fritak frå kravet om gjødselplan Gbnr 451/3 Indre Morken

**Administrativt vedtak: Saknr: 465/20**

### VEDTAK:

Alver kommune gjev med heimel i § 5 i forskrift om gjødselplanlegging dispensasjon frå kravet om gjødselplan i 5 år fram til 01.05.2025 for Gbnr 451/3, då bruket er ekstentivt drive. Dersom det i løpet av desse 5 åra er endringar i areal, dyretal eller nytta gjødselmengde slik at føresetnadane for dispensasjon vert endra , må det fremjast ny søknad. Tiltrår at det ikkje vert gjødsla nærare enn 6 meter frå Nesvatnet då vatnen er sterkt ureina.

### Saka gjeld :

Føretaket Birger Martin Vestheim har søkt om fritak for gjødselplan på grunn av ekstensiv drift på gbnr 451/3. Drifta er 37 vinterfora sauer. Innefôringsperioden er 6 mnd,resten av tida beite dei innmerk og utmark. Føretaket eig 19 daa overflatedyrka mark , 61 daa innmarksbeite og leiger 5 daa fulldyrka mark. Føretaket kjøper inn 150 kg fullgjødsel 18-3-15 og 1000 kg kalksalpeter.

Åreleg tilført næringsstoff p.r daa/år på slåttearealet					Kg Nitrogen	Kg Fosfor	Kg Kalium
Kg	Gjødselslag	Total areal		Kg pr.daa			
300	18-3-15	61	beite	5	0,9	0,15	0,75
1000	Kalksalpeter	24	eng	41,6	6		
33000	fastemøk	24	eng	1375	1,75	1,4	3,5
Sum			eng		7,7	1,4	3,5

Normgjødsling i vårt område p.r daa/år er 22 kg nitrogen, 3 kg fosfor og 10 kg kalum . GDE vinterfora sau/ geit (5,3)

**VURDERING:**

I forskrift om gjødselplanlegging står det i § 5 at kommunen kan etter søknad frå føretaket dispensera frå kravet om gjødselplan for føretak som vert drive svært ekstensivt. Gjødslinga skal vera under 50% av normgjødsling.

Bruket ligg under 50 % av normgjødsling. Bruket er lite, har få gjødseldyreiningar (GDE) og har stort areal i høve til dyretalet. Kommunen har derfor ingen merknader til at det vert gitt dispensasjon frå krav om gjødselplan i 5 år. Kommunen oppmoder til å ta jordprøve for sjekke næringsinnhald i jorda for betre kontroll og gjødsling.

**Regelverk**

Forskrift om gjødselplanlegging.

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «20/8162»

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Kjartan Nyhammer  
Avdelingsleiar

Roba Al Serhan  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Birger Martin Vestheim

Radøyvegen 1450

5936

MANGER